

Dugnadsarbeid på ballbingen..

04.04.2009



Dugnadsarbeidet går problemfritt når ein har ein så velvillig og kyndig fagmann som Jan Øvstebø med på laget. (Foto: Thor Inge Døssland)

I dag, lørdag, har det vore gjort dugnadsarbeid på ballingen i Korsneset. I det strålande vårveret er det sett i gang arbeid med å kle inn måla, og i tillegg vert det gjort diverse vedlikehaldsarbeid.



Innkledningsarbeidet av det eine målet er godt igang. Jan Øvstebø står nærmast og dei andre er dugnadsleiar Oddmund Soldal og leiar i Korsnes Vel Tor Edward Taranger. (Foto: Thor Inge Døssland)

Ballbingen vart bygt for 6 år sidan, og vi må trygt kunna sei at det har vore eit suksessanlegg. Gjennom alle åra har det periodevis vore svært stor aktivitet der. Alderspennet på dei som har delteke i leiken om ballen, har vore stort. Gutar og jenter har delteke i samspelet, og for oss som bur i nærleiken har det vore flott å følgja med på aktiviteten.

Tor Edward Taranger var initiativstakar, og leiar i Korsnes Vel, då ballbingen vart bygt. No er han i same posisjon, og han fortel at dei skal skifta ut bord som har blitt øydelagde gjennom seks års bruk. Dessutan skal dei kle inn måla.

Tor Edward fortel at det og skal vera vanleg vårdugnad i byggefeltet, og dessutan vert det truleg dugnad på stranda før badesesongen startar. Då håpar han det vert god oppslutnad.

Av Thor Inge Døssland